

## Utvising av mistenkte – import av dårleg rettstryggleik

---

Kommunaldepartementet har i eit høyringsnotat føreslått nye reglar i utlendingslova om utvising av borgarar av land utanfor Schengen-området. Slike tredjelandsborgarar skal kunna utvist på grunnlag av eit administrativt vedtak i Norge eller eit anna Schengen-land om at det er «skjellig grunn til mistanke» om eit alvorleg straffbart forhold. Det skal jamvel vera nok med «konkrete holdepunkter» for at utlendingen «planlegger» å utføra alvorlege lovbrøt.

Forslaget bryt med norsk rettstradisjon. Hovudregelen i utlendingslova § 29 er at ein utlending må vera *domfelt* for eit straffbart forhold for at dette kan gi grunnlag for utvising. Men det gjeld unntak «når hensynet til rikets sikkerhet gjør det nødvendig», typisk der det vert avdekkja spionasje. For å oppfylle Sikkerhetsrådet sin resolusjon 1373 om terroriltak, opna Stortinget dessutan i sommar for utvising utan føregåande straffedom i tilfelle der ein utlending har brote dei nye reglane mot terrorisme (strl. §§ 147a og 147b). Forslaget frå Kommunaldepartementet går likevel vesentleg lenger, ved å gjelda alle former for kriminalitet med ei strafferamme på minst 10 års fengsel.

Forslaget byggjer på *EF-direktiv 2001/40*. Sidan direktivet er definert som

ein del av Schengen-samarbeidet, har Norge plikt til å følgja det opp. Bakgrunnen for direktivet er først og fremst avskaffinga av den indre grensekontrollen mellom Schengen-landa. Det er ei sterk drivkraft til auka samarbeid i kampen mot ulovleg innvandring til Schengen-området, og mot alvorleg kriminalitet innanfor dette området.

Direktivet er på mange måtar illustrerende for den «europiseringa» av straffretten (i vid tyding) som no skjer, og som vi berre har sett starten på. Målsetjinga innan EU er å skapa eit felles område for fridom, tryggleik og rettferd («freedom, security and justice»). Eit stikkord i dette arbeidet er «*gjensidig anerkjennelse*» av rettslege og administrative avgjerder, slik at det som blir vedteke i eit land, kan leggjast til grunn og iverksetjast i eit anna. Denne målsetjinga er i utgangspunktet positiv. Når både lovleg og ulovleg verksemd kan utfalda seg utan hinder av dei indre grensene, bør desse heller ikkje stengja for ei effektiv handheving av lov og rett.

Men forslaget illustrerer også fleire uheldige trekk ved utviklinga. Direktivet byggjer på prinsippet om «*gjensidig anerkjennelse*» utan at det samtidig vert stilt felles krav til dei avgjerdene som skal

effektuerast. Dette betyr at vi kan koma til å gjennomføra avgjerder som byggjer på ei vesentleg mindre trygg *sakshandsaming* enn dei krava vi stiller til tilsvarande vedtak hjå oss. Noko av grunngevinga til EU-parlamentet for å avvisa direktivet (utan at det vart teke omsyn til), var at ein heller burde arbeida for ein felles rettsleg prosedyre for slike utvisings- og utsendingsvedtak.

Når det gjeld *mistankekravet*, synest ein å ha kopiert dei kriteria som etter Schengen-avtalen art. 96 gjeld for å kunna «svartelista» ein person frå eit tredjeland, og slik hindra at han får lov til å reisa inn i eit Schengen-land. Men tradisjonelt stiller vi langt strengare krav til grunnlaget for å utvisa nokon frå landet, enn for å nekta nokon innreise. Særleg gjeld dette der utlendingen fyller vilkåra for å få busetjingsløyve (jf. utlendingslova § 30). Direktivet medfører difor ei klar svekking av rettstryggleiken til tredjelandborgarar.

Aller mest problematisk er høvet til å byggja vedtaket på mistanke om *planlegging* av kriminalitet. Det set personen sitt kriminelle forsett i sentrum for vurderinga, på liknande måte som dei nye straffereglane mot terrorisme. For ein utlending frå eit presumptivt «tvilsamt» miljø kan det bli sær sars vanskeleg å motbevisa slike klagemål, særleg så lenge det skjer utanfor ramma av ein domstolsprosess.

På denne bakgrunnen er det vanskeleg å forstå at departementet føreslår å gå lenger enn vi etter direktivet er pålagt. Mistankekriteriet skal ikkje berre gjelda som grunnlag for å effektuera andre lands utsendingsvedtak, slik direktivet krev. Det skal også vera nok til at *norske* styresmakter kan vedta utvising på eige initiativ. Grunngevinga i høyringsnotatet er mellom anna «hensynet til allmennpreventive grunner». Ein kan undra seg over korleis det kan verka allmennpreventivt å senda mistenkte ut av landet utan å dømme dei. Men tanken er truleg at utvising i seg sjølv er ei hard «straff» som kan verka preventivt. I så fall ser vi konturane av ein administrativt kvasi-strafferett.

Det er grunn til å håpa at kommunalministeren vil vera minst like lydhør for kritikken mot dette lovforslaget som justisministeren var for kritikken mot det opprinnelege utkastet til terror-reglar. Målet må vera å svekkja dei tradisjonelle rettstryggleiksgarantiane minst mogeleg. Men vi bør også ha ei meir langsiktig målsetjing om å påverka regelutviklinga innanfor EU før det blir gjort vedtak som (rettsleg eller politisk) bind oss. Det fokuset på «freedom» og «justice» som har prega norsk og nordisk kriminalpolitikk, trengs som motvekt til den for tida heller einsidige fokuseringa på «security» innanfor EU.

*Erling Johannes Husabø*